

Referat styremøte HSG onsdag 25. sep.

Stad: Teams.

Desse var med: Reidar Kallestad, Ola Steinsland, Kato Hilleren, Svanhild Aksnes, Kristina Jordalen, Mons Kjetil Vevle, Tore Atle Sørheim og Audun Seilen.

Sak 51/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Godkjent.

Sak 52/24 Godkjenning av referat styremøte 21. aug.

Vedtak: Godkjent.

Sak 53/24 Orienteringssak:

- **Nytt frå mitt område sem styremedlem i HSG (Alle)**
- **Møte Geilo.**

Reidar orientert frå møte på Geilo med tema «Tiltaksplan for Hardangervidda». Her var det lire som angjekk sauene.

Kato: Stille og helst litt roleg. Har hatt kåring hos oss med mange gode lam.

Kristina: Stille og roleg her og. Lite org. arbeid nå. Planlegge kåring og open gard.

Ola: Mange lam til kåring. Skal prøve oss på Kjøtt i skulen nå i haust. Vinterkurs i Gjetarhund startar opp til vinteren. Elles har me litt fagarbeid i lokallaget nå og.

Svanhild: Skal ha kåring til helga. Litt mange «lause» lam frå sommarbeite i år.

Mons Kjetil: Mykje det same her.

Tore Atle: Stord skal starta opp med Gjetarhund kurs.

- **Blåtungesituasjonen ved Reidar**

Reidar var og innoom situasjonen rundt Blåtunge viruset. Per dato ingen restriksjonar for gamle Hordaland.

- **Kort frå Avlsutvalet**

Går i kåring no, mange lam til kåring med god kvalitet. Fordeling og oppsett av kåringdommarar går bra.

- **Kort Gjetarhundnemnda**

Har vert ein del spørsmål om og utfordringar rund Blåtungeviruset.

Fylkesprøve på Voss til helga. 8 skal reise til NM neste helg som er i Buskerud.

Det er og mange prøvar rund om i Fylke. Ein del spørsmål etter kurs til vinteren.

Sak 55/24 Kor langt er me komet:

Trinn 2, vidareføring av kurs «Kurs for ferske og komande sauebønder»

Er ein del ting som ikkje er på plass i tillegg til fastsetting av dato. Det er stor aktivitet på denne tida så det er ein utfordring å få dette til.

Vedtak: HSG utsett samlinga til januar 2026.

Sak 56/24 Program for fagmøte/leiarsamling 25. & 26. okt.

Arbeide med program til Fagsamlinga/leiarmøte er godt i gang. HSG ønskjer og å invitera Beitelaga i Hordaland til denne samlinga.

Vedtak: Sender ut invitasjon til lokallaga, væraringane og beitelaga med påmelding. Gjer programmet klart ved neste styremøte og sender det ut.

Sak 57/24 Kjøtt i skulen.

Det føreligge ein anmodning frå NSG om at arbeidet med Kjøtt i skulen blir vidareført. NSG ønskjer at kvart Fylkeslag kan få dette til i 2 til 3 lokallag.

Vedtak: HSG sender ut til alle lokallag sentrale retningslinjer for Kjøtt i skulen og ber lokallag ta del i dette arbeidet.

Ymse:

Gjennomgang om korleis det går med Granvin Sau og Geit.

Er litt uklar kor langt dette arbeidet er krommet. HSG ønskjer at ting faller på plass ganske så fort. Kristina og Reidar er på saka.